
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 19.08.2020
Tidsramme: kl 10:00-11:30
Sted: Skype – ekstraordinært styremøte
Saksnr.: 58/20 - 63/20
Arkivsak: 2020/4153

Møtleiar:

Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:

Lodve Solholm
Toril Forbord
Gerd Marit Langøy
Bjarne Storset
Anette Lekve
Hilde Furnes Johannessen
Renate Kleive (vara for Sigurd Torvik Heian)

Frå brukarutvalet møte:

Paula Næss Skår
Ann Helene Skare

Forfall:

Sigurd Torvik Heian

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Øyvind Bakke
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møtet med å ønske velkommen til dette ekstraordinære styremøtet i forbindelse med langtidsbudsjettet som vert utsett frå før sommaren. Det blir også en sak om avhending og sal av eigedom på Sjøholt DPS.

Sak 58/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 59/20 Orientering frå administrerande direktør

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Status korona og aktivitet
- Oppgradering av bygg
- SNR
- Fødetilbodet HMR – Nordmøre og Romsdal

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal tek orienteringane til vitende.

Sak 60/20 Langtidsbudsjett 2021-2031

Styret fekk ein presentasjon av økonomidirektør Heidi Nilsen om arbeidet rundt langtidsbudsjettet samt ei orientering om økonomi og aktivitet frå juni og juli 2020.

Følgjande blei samrøystes vedteken:

- 1) Styret for Helse Møre og Romsdal vedtar langtidsbudsjettet for 2021-2031 slik det er beskrevet i saka
- 2) Styret for Helse Møre og Romsdal vedtar eit resultatkrav på 35 mill. kroner for 2021
- 3) Styret for Helse Møre og Romsdal ber om at styret for HMN RHF tek høgde for eit låneopptak på 400 MNOK til bygningsmessig utviklingsplan i Ålesund i LTB for HMN (2021-2031)

Stemmeforklaring frå tilsettsvalte (Hilde F. Johannessen, Anette Lekve og Renate Kleive):

Tilsette sine representantar stemmar for langtidsbudsjettet med dei store naudsynte investeringar som er føreslått i saka.

Vi er likevel sterkt bekymra for storleiken på effektiviseringa og den usikkerheita som ligg i budsjettet. Særleg med tanke på at vi skal gjere innsparingar i ein tid med store bygningsmessige endringar, innføring av Helseplattformen og bygging av nytt sjukehus. Dette kan bli svært krevjande for dei tilsette.

Sak 61/20 Avhending av Sjøholt DPS – Haukåsvegen 19 i Ålesund kommune

Styret fekk ein presentasjon av økonomidirektør Heidi Nilsen om bakgrunnen for sal av denne eigedomen.

Styret gjorde samrøystes vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saka og godkjenner at gnr. 690 bnr. 5 med adresse Haukåsvegen 19 i Ålesund kommune blir lagt ut for sal på den opne marknaden.

2. Styret for Helse Møre og Romsdal gir adm.direktør fullmakt til å gjennomføre sal av egedomen, samt utstede skøyte og signere andre dokument i samband med avhendinga.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal legg til grunn at avhendinga blir gjennomført korrekt i høve til føringar og retningsliner som er gitt av Helse Midt-Norge RHF og føretaksmøtet samt lover og forskrifter.

Sak 62/20 Referatsaker (utan saksframlegg)

- Protokoll frå brukarutvalsmøte 17.08.2020

Sak 63/20 Godkjenning av protokoll 6/2020 – styremøte 19.08.2020**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 19.08.2020.

Ingve Theodorsen
styreleiar

Lodve Solholm
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Renate Kleive

Hilde Furnes Johannessen